

# Årsmelding for Myrkdalen Grendalag 2016/2017

## Styre har vore:

Leiar: Ole Kristian Årnot ( på val )

Kasserar: Stig Erlend Jordalen

Skrivar: Anne Grete Mørkve

Styremedlem: Heine Berland

Styremedlem: Katrine Hauso

## Rekneskap:

Rekneskapet for 2016 er endå ikkje revidert. Kasserar opplyser at det er lite transaksjonar. Både inntekts og utgiftsposten er i hovudsak knytta til drifta av [www.myrkdalen.org](http://www.myrkdalen.org). Kasserar skal få dette revidert så snart som råd.

## Aktivitet:

### Trimboksar:

Det vart sett ut sju trimboksar som vanleg. Desse vart sette ut på Heimsta Treæ på Bygdadalen, Blomdokkaslåtto i Årmotslia, Utigardstølen på Holedalen, Fjærestadholo, Ondrahaugsteinen, Fossen og Nedste Ulvundstølen.

Det har helst vore lite besøk på trimpostane. Det har ikkje vore premiering i forbindelse med turpostane. Det vart i år lagt inn nokre utradisjonelle turmål for turboksane. Etter både muntlege og skriftlege tilbakemeldingar viser det seg at det var blanda stemning kring dette. Somme tykte det var kjekt å vitja nye stader i Myrkdalen, medan andre sleit med å finna fram.

### Tv- Aksjon:

Myrkdalen Grendalag var bøsseberarar for tv-aksjonen 23/10-2016. Bidraget gjekk til Røde Kors sitt arbeid i ni land i den tredje verda.

### Skulesaka:

Det vart halde to møter angående skulebygget. Eit før sommarferien og eit etter. Det manglar fortsatt ein strukturert organisering av dette arbeidet. Leiar i grendalaget informerte på møtet om hausten at sidan vedkomande har midlertidig bustad i Sogndal, ikkje lenger føler seg eigna eller motivert til å leia dette arbeidet. Det verkar som om skulehussaka er ei sak som opptek mange i bygda.

### Diverse:

Leiar i grendalaget har vore i fleire møter med Myrkdalen Fjellandsby kring organisering av turstiar, skiløyper og løypelag. Eit av desse møta var eit ope møte på Myrkdalen Hotel der

grunneigarar i Myrkdalen var inviterte via lysing på Myrkdalen.org.

Det vart på årsmøtet i 2016 lagt fram ynskje om at grendalaget skulle levera klage til statens vegvesen angående brøyting langs RV.13. Klagen omhandla mangel av fresing langs kantar og overdriven bruk av salt. I sitt svar på dette beklagar statens vegvesen dette og opplyser at det generelt er lite klagar angående brøyting i Vossaregionen. Det vert nye underentreprenørar som driftar brøytinga i Myrkdalen for kommande sesong, men overdreven bruk av salt vil dei ikkje vedkjenna.

Det siste året ber preg av lite aktivitet og det har ikkje vore nokon styremøter.